



**Direktoratet for mineralforvaltning**  
med Bergmesteren for Svalbard

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Dato: 01.10.2014  
Vår ref: 11/00098-3  
Deres ref:

## Svar- høyring av kommuneplanen sin arealdel - Meland kommune

Leiv Erikssons vei 39  
Postboks 3021 Lade  
N-7441 Trondheim

**TELEFON** + 47 73 90 40 50  
**E-POST** mail@dirmin.no  
**WEB** www.dirmin.no

**GIRO** 7694.05.05883  
**SWIFT** DNBANOKK  
**IBAN** NO5376940505883  
**ORG.NR.** NO 974 760 282 MVA  
**SVALBARDKONTOR**  
**TELEFON** +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) visar til ovannemnde sak, datert 1. juli 2014.

### Saka

Meland kommune har lagt kommuneplanen sin arealdel ut til offentlig høyring.

### DMF sin rolle

DMF er statens sentrale fagmyndighet ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og har et særleg ansvar for at mineralressursar blir ivareteke i kommunale planar.

Jf. kart frå Noregs geologiske undersøking (NGU) er det ikkje registrert mange mineralførekomstar i Meland kommune men det er nokre med lokal verdi.

### DMF sin merknad

I planskildringa punkt 4.1.4 omtalas tema *råstoffutvinning/jorddeponi*. Kommunen har her ein klar formeining om korleis overskottsmassar skal handteras. Dei seier mellom anna at: *utbyggingsområda må planleggast og utviklast slik at behovet for å transportere bort masser blir minst mogeleg. Dersom det blir masse til overs, må utbyggjer vise kvar overskottsmassen skal deponerast parallelt med utarbeidning av reguleringsplanen*. Dette meiner DMF er positivt. DMF vil likevel påpeke at vi saknar ein nærmare omtale av kva for strategi kommunen har for sine mineralressursar og ikkje minst korleis kommunen vil møte framtidige behov for byggjerastoff mellom anna til vegar og annan infrastruktur.

Planforslaget inneheld ei konsekvensutgreiing over dei ulike innspela. Denne er framstilt ryddig og oversiktleg. Nr 73 Erstad og 74 Espetveit er innspel om utviding av steinuttak som allereie er etablert. DMF er positive til at ein vil utnytta allereie opna uttak fullt ut.

Innspel nr 85 Hoplandalen legger opp til at et område som i dag er LNF-område skal gjærast om til område for bustad og område for råstoffutvinning. Slik DMF forstår det er planprosessen her allereie i gong og det er stilt krav om konsekvensutgreiing. DMF vil her minne om at råstoffutvinning kan være belastande for nærområda og å leggja opp til råstoffutvinning og bustad side om side kan være særskilt konfliktfylt.



Vidare er det positivt at kommunen stiller krav om detaljregulering av for alle område som er avsett til råstoffutvinning.

DMF minner om at samla uttak på meir enn 10 000 m<sup>3</sup> masse, samt et eitkvart uttak av naturstein krevjar konsesjon jf. minerallovens §43. (Naturstein er all stein som kan sagas, spaltas eller huggas til plater og emnar for bruk ute, bygningar og monument). Konsesjonssøknad må godkjennas av DMF og ein legg vanlegvis til grunn at det finns ein godkjent reguleringsplan før ein eventuell driftskonsesjon gis.

For nærmare informasjon om mineralloven med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no).

Med helsing

Marte Kristoffersen  
seksjonsleder

Lise Risstad  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.  
Saksbehandler: Lise Risstad*

Mottakere:  
Meland kommune  
Kopi:  
Fylkesmannen i Hordaland